



Referat frå 2. møte i delprosjekt P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

Dato:	19.6.2017
Tid:	15:15 til 17.00
Møteleiar:	Kari Grindvik/Bente Glomset Vikhagen
Stad:	Ørskog
Frammøtte:	Kim André Breivik, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Trine Otterlei, Olav Kjetil Sjøholt, Mads Solberg, Janette Osland Steinvik (vara), Bente Glomset Vikhagen
Forfall:	Nils Magne Abelseth, Åse Kristin Bakke, Helene Børretzen Fjørtoft, Elin Moen, Geir Stenseth, Synnøve Synnes, Øystein Tvedt, Irene Kalstad Aase

1. Arbeidsøkt om effektmål, resultatmål, ROS-analyse og mandat.

Formålet med møtet var å gjennomføre ei arbeidsøkt omkring effektmål, resultatmål, samt ei førebels risiko- og sårbarheitsanalyse for delprosjekt P2. Dette var naudsynt fordi alle delprosjekta i nye Ålesund skal levere utkast for mandat til prosjektkoordinator før fellesferien 2017. Endeleg mandat skal leggjast fram på det første møtet for fellesnemda for nye Ålesund for godkjenning i august.

Bente Glomset Vikhagen leia den deltakande møteforma. Vikhagen innleia med å gi ei generell orientering om arbeidsforma, og planen for økta.

Ho forklarte mellom anna forskjellen på effekt- og resultatmål. Hensikta med alle prosjekt er å oppnå ei effekt, og realisere ein form for gevinst. Dette omtalast i litteraturen omkring prosjektarbeid som eit *effektmål*. Effektmålet peikar på dei utfordringane som er grunnlaget for prosjektet. For å oppnå ønskja effekt, må fleire *resultatmål* være innfridd. Både effekt- og resultatmåla må være formulert så klart og eintydig som mogleg, og dei skal og være målbare (for meir om prosjektmodellen, så: <https://www.prosjektveiviseren.no/>).

Dei frammøtte blei delt i to grupper, og fekk utdelt ark og klistrelappar. Gruppene blei så instruert om å halde ei idémyldring om kva dei såg som dei viktigaste effektmåla for delprosjektet, organisert etter tre emne: 'lokaldemokrati', 'innbyggjarmedverknad' og 'politisk arbeid'. Ideane til kvart emne blei så skreve ned på Post-it lappar, og organisert saman på individuelle ark. I neste omgang skulle gruppene, basert på effektmåla, definere resultatmål som måtte på plass for å oppnå dei ynskja effektane på kvart av dei tre emna. Avslutningsvis blei deltakarane bedne om å gjere ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse av prosjektet for å tekne eit bilde av uønskta hendingar, konsekvensar og deira sansynlegheit.

Resultatet frå arbeidsøkta kan sjåast i vedlagt pdf-dokument 'Effekt og resultatmål - arbeidsøkt P2 19.6.2017'. Basert på arbeidsøkta blei det stila eit utkast til mandat for delprosjektet. Dette blei sendt ut på høyring hos dei politiske og administrative representantane i veke 26. Innspela blir samla og mandatforslaget oppdatert på grunnlag av desse. Mandatet er eit levande dokument, og det vil være nødvendig å gjere justeringar etter kvart som prosjektarbeidet utfaldar seg.

I tillegg til mandatforslaget som skal leggast fram for fellesnemda, skal det på hausten 2018 utformast ei prosjektskisse. Denne skal være enda meir spesifikk enn mandatet og gi ei detaljert framstilling av dei ulike arbeidsoppgåvene som delprosjektet P2 må løyse i løpet av prosjektperioden. Grappa skal sjå nærare på denne i august.

Koordinator oppmodar alle som har forslag til justeringar på mandatet om å melde dette inn (sjå e-post sendt 22.6.17).

Over sommaren skal vi også ta i bruk eit felles prosjektstyringsverktøy for alle delprosjekta i nye Ålesund (sjå: <https://www.puzzlepart.com/prosjektportalen-2-tilgjengelig/>). Meir informasjon om dette verktøyet kjem også over sommaren.

2. Utfordringar knytt til lågt oppmøte.

Dette møtet vart innkalla på kort varsel, men fleire politiske representantar tok opp utfordringar med lågt oppmøte, og det blei drøfta kva slags konsekvensar det kan ha for framdrifta i prosjektet.

Dette er eit politisk leia delprosjekt, og koordinator minner om at alle politiske representantane sjølv har ansvar for å kalle inn vara for si eiga kommunes til framtidige møter, dersom dei ikkje har anledning til å delta. Hugs også å melde forfall.

Koordinator for delprosjektet minner også om at det må oppnemnast politisk vara for Sandøy og Ørskog slik at desse kan innkallast ved behov. Kommunane står fritt til å velje ordning med rekkefølge-vara eller personleg vara til delprosjekta.

Her er oversikt over medlemmar i delprosjektet:

HARAM		
Svein Harsjøen	FrP	sveinharsjoen@hotmail.com
Trine Otterlei	Ap	tro@fials.no
Elin Moen	Administrasjon	Elin.Moen@haram.kommune.no
1. vara: Gunn Rigmor Aarnes	Sp	Gunn.rigmor.aarnes@haram.kommune.no
2. vara: Kristian Stråmyr	V	Kristian.stramy2@haram.kommune.no
SANDØY		
Åse Kristin Ask Bakke	Ap	Ase.Kristin.Ask.Bakke@sandoy.kommune.no
Nils Magne Abelsest	H	nils.magne@iabelseth.no
Kim Andre Breivik	Administrasjon	Kim.breivik@sandoy.kommune.no
SKODJE		
Modolf Hareide	Sp	Modolf.Hareide@skodje.kommune.no
Kari Grindvik	V	Kari.Grindvik@skodje.kommune.no
Bente Glomset Vikhagen	Administrasjon	Bente.Glomset.Vikhagen@skodje.kommune.no
Vara: Geir Ove Leite	Ap	
ØRSKOG		
Olav Kjetil Sjøholt	H	Olav.Kjetil.Sjoholt@orskog.kommune.no
Helene Børretzen Fjørtoft	KrF	Helene.Fjortoft@orskog.kommune.no
Synnøve Vasstrand Synnes	Administrasjon	synnove.synnes@orskog.kommune.no
ÅLESUND		
Geir Stenseth	FrP	Geir.Stenseth@alesund.kommune.no
Øystein Tvedt	H	oystein.tvedt@alesund.kommune.no
Irene Kalstad Aase	Administrasjon	irene.aase@alesund.kommune.no
Vara: Tore-Johan Øvstebo	KrF	tore.johan.ovstebo@alesund.kommune.no
Vara: Ann Kristin Bryne	Ap	anne.kristin.bryne@alesund.kommune.no

Ein plan for samlingane utover hausten står på agendaen for første møte etter sommarferien, slik at medlemmane kan ha oversikt i god tid om framtidige møter. Minner og at dykk kan melde sakar til saklista til koordinator eller politisk leiar Kari Grindvik.

Mads Solberg - Ålesund, 4.7.17